



Notat

Frå: **Fylkesrådmannen**

Til: **Fylkesutvalet, møte 22.juni 2016**

Utviklinga av den fylkeskommunale bygningsmassen i Førde

Fylkesrådmannen ynskjer i dette notatet å sette lys på arealsituasjonen for den fylkeskommunale bygningsmassen i Førde. Dette slik at vi ev. kan arbeide vidare med moglege løysingar som kan gje fleire føremoner for drifta vår. Mange utfordringar gjer at vi bør vurdere arealbruken i eit heilskapleg perspektiv no.

Dei vidaregåande skulane

Dei vidaregåande skulane i Førde er i dag etablert på fleire plassar. Fylkeskommunen har eigne bygg/eigedomar på Hafstad, på Øyrane og på Mo. I tillegg har vi leigeavtalar i Concordbygget, Begobygget, Førdehuset og for Fagskulen (Sanderplassen). Nokre plassar har vi for lite areal, nokre plassar er det arealoverskot og nokre plassar kunne arealet med fordel vore optimalisert og tilpassa dagens og framtidas utdanningsprogram.

Det er for tida fleire utfordringar knytt til den fylkeskommunale undervisninga i Førde, m.a.:

- Vi står føre utbyggingar på Hafstad vgs (jf. vedtak i FT-sak 32/14). Dette gjeld m.a. for areal vi mellombels leiger i Førdehuset. Førebelse vurderingar/skisser viser at dette vert krevjande å løyse på eksisterande tomt. Dette gjeld spesielt for å få til ein god logistikk. Samla stipulert nybygg/ombygging er om lag 1.500 m².
- Vi må på litt lenger sikt løyse utfordringane med arealet på Øyrane for Mo og Øyrane vgs. I skulebruksplanen tok ein med seg bygningsmessige utfordringar som i åra før var meldt frå dåverande Øyrane vgs. Den samla utfordringa som fylgje av skulebruksplanen var stipulert til litt over 3.500 m² nybygg/ombygging. Utbyggingsplanane på Mo og Øyrane vidaregåande skule vart utsett i påvente av nytt vedtak om ny skule- og tilbodsstruktur (FT-sak 32/14).
- Vi er som grunneigarar utfordra med å kome med innspel til Førde kommune i høve regulering av arealet på Øyrane. Arealbehovet for den vidaregåande skulen må stettast og meldast inn i prosessen.
- Vi er utfordra på det framtidige arealbehovet for Fagskulen i Sogn og Fjordane som i lang tid har vore etablert i leigde lokale. Dagens lokale treng betre tilpassing og det er ved ei ev. samlokalisering mogleg å drive eit betre sambruk av t.d. laboratorieareal og fellesfunksjonar. Utfordringane må løysast av fylkeskommunen, jf. Meld. St. 22 (2015-2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver».
- Dei mange leigeavtalane vi i dag har bør reduserast og løysast i eigne areal slik at sam-bruk og resursutnyttinga blir betre.

Tannhelsetenesta

Fylkeskommunen treng meir areal til ein større tannklinikk i Førde. Dagens klinikk er lokalisert i leigebygg i Elvegården. Tannhelseplanen legg opp til ein større klinikk i Førde, med tilnærma

dobra kapasitet i høve dagens løysing. Fylkeskommunen vil då måtte leige vesentleg meir areal til tannklinikken eller byggje sjølv til dette føremålet. Fylkesrådmannen ser investering i eigne areal som ei betre og meir langsiktig løysing for tannklinikken i Førde.

Utvikling og mogleg løysing

Fylkesrådmannen har ut frå eit heilskapleg perspektiv kome til at det bør undersøkast om vi kan ha fordelar av å sjå på ei større samlokalisering og ei meir effektiv arealutnytting for det samla fylkes-kommunale arealbehovet i Førde. Som lekk i dette bør vi og sjå om vi kan få til betre samhandling og utnytting av fellesløysingar-/areal med dei andre utdanningsinstitusjonane og næringslivet i Førde. Jf. her også fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør.

Ei samling av den vidaregåande opplæringa på ein plass i Førde vil kunne gje betre arealutnytting, fleire stordriftsføremoner og god resursutnytting (kompetanse, utstyr og areal). I tillegg vil det kunne gje positive effektar for den fagleg-pedagogiske drifta. Det vil særleg kunne vere positivt for elevgruppa å bli samla i eit miljø. Fylkesrådmannen ser ikkje føre seg å integrere naturbruksopplæringa på Mo i ei slik løysing.

Ei lokalisering på Øyrane peikar seg tydlegast ut for ei ev. fylkeskommunal samlokalisering. Det er her fylkeskommunen er etablert med ein større bygningsmasse, området ligg sentralt i byen og det er her det er mogleg å ekspandere (jf. pågående reguleringsplanarbeid). Området er og nært knytt til den næringsmessige utviklinga lokalt og har føremoner knytt til logistikk og trafikksikring.

Førde kommune

Førde kommune har sett utfordringar knytt til det kommunale behovet for meir areal til m.a. undervisning og administrative oppgåver. Kommunen og fylkeskommunen samarbeider i dag om dette på fleire område, t.d. i Førdehuset og Concordbygget (leigeavtalar). Førde kommune har og starta eit planleggingsarbeid for å sjå på utviding av Førdehuset.

Fylkesrådmannen har – heilt uforpliktande – drøfta tanken om ei betre samlokalisering av dei fylkeskommunale tenestene/areala i Førde med rådmannen i Førde. Rådmannen ser positivt på ideen og har så langt vore positiv til å vurdere eit kjøp av Hafstad vgs til kommunale føremål dersom den kjem for sal. Rådmannen i Førde legg for sin del fram eit tilsvarande notat for politisk drøfting i formannskapet i Førde den 22.06.16.

Økonomi

Fylkesrådmannen har ikkje gjort detaljerte vurderingar av økonomien i saka, då ei slik sak i ein innleiane fase naturlegvis er tufta på mange føresetnader som må stettast. Det viktigaste er at fylkeskommunen uansett vil stå ovanfor store investeringar på skulane i Førde i nær framtid, samt at ei ev. samlokalisering vil føresette sal av Hafstad vidaregåande skule som ei delfinansiering.

Med grunnlag i desse føresetnadane og at ein med ei slik løysing kan avslutte fleire av dagens leigeavtalar og effektivisere drifta, viser førebelse kalkylar at dette er verdt å arbeide vidare med.

Vidare arbeid/oppsummering

Fylkesrådmannen ynskjer å greie ut saka vidare. Det må gjerast ei kartlegging av ulike arealbehov saman med ei enkel vurdering av moglege løysingar («mogleghetsstudie»). I dette arbeidet må det og gjerast ei vurdering av kostnader knytt til investeringar og drift. Det må parallelt arbeidast nærmare med avklaringar kring føresetnaden om eit ev. sal av Hafstad (takst mv.).

Fylkesrådmannen vil gjerne jobbe vidare med det som her er skissert dersom FU ikkje skulle ha merknader til dette.